



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 2 Haust 2023 | 101. ÅRG.





Kjaere kyrkjelyd

Det er underleg at eg var einaste sokjar til soknepreststillinga i Askvoll sokn.

Her er det jo så vakkert rundt om.

Menneska eg har fått møte til no er imøtekommende og trivelege på alle vis.

Eg takkar for at eg er teken så godt imot!

Prest har eg vore heile mitt yrkesaktive liv. Først som feltprest i Forsvaret, dernest vikarprest i Varanger, sokneprest i Davik (Nordfjord) og kapellan i Bergen (Loddefjord kyrkje).

Å vere prest er ein livsstil og for meg eit kall. Kjenner djup takksemd for å få stå i den tenesta.

I mitt trusliv står kjærleik, miskunn, omsorg, nåde, audmjuke, truskap og tålmod som sju solide soyler. Om eg kan få vere ein god samtalepartnar, er eg der for den som treng meg.

Mennesket spår, men det er Gud som rår. Det er lagt eit godt fundament for vidare arbeid i kyrkjelydane. Må Guds vilje skje og Han styre dette.

Dykk vert meire kjende med meg etter kvart. Kvi dykk ikkje for å ta ein prat om vi treffast på vegen. Dykk finn meg elles oftast på kontoret.

Eg er her for dykk, og vil stå dykk bi i alle livets høve.

Sokneprest Tommy Erdal.



Slik ein staseleg prestegard har eg aldri budd i før.

ANDAKT



Det er ikkje alltid så lett å seie kva som skal bli ein bra dag, eller kva som ved dagens slutt var med å gjøre den god eller därleg.

Men mi erfaring er denne: Dei vanlege dagane er som regel dei beste.

Og det er bra – for det er dei det er flest av; dei vanlege dagane. Og det vanlege livet. Når vi sit ved kjøkenbordet med kaffikoppen. Når vi får gjøre arbeidsoppgåvene våre. Når vi er omgjevne at det som er kjent og heimleg.

Det er kanskje lett å tenke at livet vårt skulle vore meir spennande; meir glamorøst, at det skulle ha større variasjon i seg.

Men kanskje skulle vi bli flinkare til å verdsetje det vanlege livet?

Det kan vere høgdepunkt i livet vårt som gjer at vi tenker: Gjev alle dagane hadde vore som denne! Men viss det var slik, hadde vi ikkje då vorte metta på ein måte?

Så er det dei mellom oss som vil seie: Det er altfor mange av dei vanlege dagane. Dagar som sniglar seg av garde. Dagar som så alt for godt let oss kjenne einsemd, rutine; smerte, at vi saknar nokon.

Eg trur vi må leite etter det som kan gje dei vanlege dagane verdi og mening, også dagane som ikkje er så lette og gode. Vi må leite etter – og finne – det som er lagt ned i oss av guddomleg kjærleik; eit gudsnaevær i livet vårt.

Vi må sjå etter spor av godhet, og finne det i oss og omkring oss som viser at vi er verdifulle der vi er; i det vi er sett til.

Eg trur at livet vårt har ei mening og at når vi går ut av tida, har vi sett eit fotavtrykk etter oss på jorda.

Kvar dag i veka er det menneske som kjem til kyrkjene våre, - til det heilage rommet - med sine liv. Med ulike historier og grunnar til å kome. Nokre av dei med takksemd og glede; nokre med sår og tap, og nokre med von om at vi kan finne saman i gudsteneste og bøn. Ein skulle ikkje alltid tru at vi har noko til felles. Men det har vi! Vi blir tekne i mot og møtt av ein som står med utstrekte armar og seier:

Uansett kvi for du kjem, eller kva slags bører du kjem med: Du er venta. Du er velkommen. Dagen din skal fyllast med nåde!

Ragnhild Jepsen, biskop i Bjørgvin



Konfirmantane i Askvoll 2023

Askvoll
Bak frå venstre:
 Guri Høstaker Nordheim (kl.ped.),
 William Solheim Askevold,
 Robert Dalsøren Rivedal,
 Sverre Nordeide Kjørvik,
 Kjell Olav Høstaker Nordheim
 (s.pr.).
I midten frå venstre:
 Angelica Gjervik Bruland,
 Lilly Gjervik Undertun,
 Emmeli Solvang Veberg,
 Linea Ask Svellingen,
 Signe Rege Fjermestad.
Framme frå venstre:
 Olivia Bjørkevoll Hestholm,
 Amalie Nes Veberg,
 Sara Fadil Mohamed.



Holmedal
Bak frå venstre: Guri Høstaker Nordheim (kl.ped.), Jørgen Eikebø Stang,
 Levi Sagosen Haugsvær, Emil André Moldstad Strømmen,
 Jonar Holmelid Huse, Kjell Olav Høstaker Nordheim (s.pr.).
Framme frå venstre: Julie Rivedal Åsnes, Eva Waagene Fossmo.



Bulandet
Bak frå venstre: Guri Høstaker Nordheim
 (kl.ped.), Mathea Aurora Fedøy Tusvik,
 Mikael Blom, Kjell Olav Høstaker Nordheim
 (s.pr.).



Kvammen
Bak frå venstre: Guri Høstaker Nordheim (kl.ped.), Sigurd Selvik,
 Lucas Hestvik Osland Kjell Olav Høstaker Nordheim (s.pr.).



Vilnes
Fra venstre: Villemo (Ailin) Hylderås Sijander, Vilde Saltskår Sætrer, Hanna Størdal Lervåg, Heine England,
 Håvard-André Grane, Brage Mattevik Vilnes, Inge Phanumas Abrahamsen, Arin Høyvik Landøy,
 Kjell Olav Høstaker Nordheim (s.pr.).



Sabina i aksjon ved tangentane til glede for bebruarar og tilsette på Askvollheimen.

Godt samarbeid

Kyrkja i Askvoll har starta eit nytt prosjekt – musikkdiakoni (musikkterapi) på Askvollheimen med finansiering frå Bjørgvin bispedøme saman med Askvoll kommune. Eg likar å kalle desse samlingane «musikkstunder». Det var noko heilt nytt. Det finst mange musikkterapiar rundt omkring i heile landet, men i dei tilfella har det vore samspele mellom to forskjellige organisasjonar.

Når eg i starten ville få tak i eit «program» eller ei vegledingsbok om korleis eg skulle drive med dette var det ingenting, fordi det som sagt var noko heilt nytt. Så eg måtte finne ein eigen måte å framføre desse musikkstundene på. Eg var litt skeptisk og ikkje minst redd for det, men eg hadde ikkje noko val. 😊

Eg begynte jobben min den 14. februar i fjar (etter ein 10-års «pause»). Då hadde vi på kyrkjekontoret digitalt møte med folk frå Bjørgvin bispedøme, Griegakademiet i Bergen og Helse- og omsorgssjefen i Askvoll kommune. Vi snakka litt om kva vi tenkte med dette prosjektet og korleis vi kunne ha det i praksis. Endeleg under bispevisitasen i mai 2022 var biskop Halvor Nordhaug på besøk på Askvollheimen og då hadde vi «opning»/første musikkstund der. Etterpå hadde vi eit møte til med dei tilsette på Askvollheimen for å høre tankane og forventningane deira til prosjektet.

Før eg starta musikkstundene i mai i 2022 kjøpte kyrkjekontoret og Askvollheimen eit digitalt piano til Kårstova, der det ikkje var instrument før.

Eg har hatt desse samlingane sidan juni, og til i dag har det vore 18 musikkstunder.



Kjell Olav har vore eit «fast» innslag på musikkandaktene.



Oleksandra (8) frå Ukraina er Sabina sin pianolev. Ho har vore med på Askvollheimen og spelt fleire stykke. Både klassisk og frå Ukraina – folk vart imponerte.

Eg vil fortelje litt detaljert om desse musikkstundene. I dei fyrste samlingane var det berre pianomusikk. Då spelte eg eit veldig varierande program – frå Bach til Beatles. Eg synast det er kjekt for folk på Askvollheimen å høre både klassiske stykke, populær musikk og dansemusikk, som dei var glade i når dei var i si ungdomstid. Men for å få variasjon, sånn at det ikkje berre vart piano kvar samling, begynte eg å invitere folk for å delta med meg. Kjell Olav



Sabina på pianokrakken i Kårstova for å prøve ut det nyinnkjøpte el-pianoet.

Høstaker Nordheim og Ellen-Marie Tveit var med meg fleire gonger. Då kunne folk høre solostykke frå dei, gitarspeling av Kjell Olav, og dei kunne sygne songar saman med dei. Eg har ein piano elev frå Ukraina. Ho heiter Oleksandra Dubograi, ho er 8 år gammal. Ho var med meg ein gong på Askvollheimen. Oleksandra (eller Sasha, som vi kaller henne, kort namn) spelte fleire stykke, både klassisk og frå Ukraina. Folk ble veldig imponert og var glad og takknemlege. Eg tenker å invitere andre deltakrar, og gjerne ungdommar til framtidige musikkstunder.

Folka på Askvollheimen vel ofte mellom songane i «Syng med» heftet, og då har eg «lært» meg nye stykke. Det er både kjekt og stressande. Eg må ta alt på sparket. Men det går heilt fint, heldigvis. Sjølvsagt plukkar, finn og vel eg musikkstykket som passar til kvar samling visst det til dømes er nært Jul eller Nyttår. Det viktigaste er at dei på Askvollheimen tek imot meg med smil og klapp, og takkar og klappar når eg går ut. Det er ei stor glede både for meg og for dei. Kvar samling er på ein måte ein fest, og av og til har vi kaffi, kaker, kjeks og kos og prat rett etter musikkstundene. Eg likar å snakke med dei, og etter kvart fann eg ut at dei liker å høre historier om musikkstykket eg spelar, eller morosame forteljingar tilknytt stykket. Eg fortel av og til om meg sjølv eller eigne erfaringar kopla til stykket eg spelar.

Etter kvart fann eg eit namn på musikkstundene mine på Askvollheimen – «MUSIKK FOR SJELA (MUSIKKFORSKJELL)». Musikk er som mat for sjela, og sidan alle sjeler er forskjellige, treng vi alle forskjellig musikk. Derfor synest eg at det er eit namn som gjev eit godt bilet av desse musikkstundene, eller «mini konsertane».



Det skjedde fleire ting eg aldri kjem til å gløyme.

Her er nokre av dei:

1. På Askvollheimen møtte eg Astri Helle som var kyrkjeverje då eg kom til Askvoll for fyrste gong i januar 2009. Eg ynskte å treffe henne igjen etter så mange år, og då eg såg henne klemte eg henne og det gjorde eit stort inntrykk på meg. Ein gong sat vi etter ei musikkstund og åt nysteikte lappar saman då eg fekk syltetøy på fingeren min, og det var ikkje serviettar. Mens eg sat og tenkte på å gå, anten for å vaske hendene eller finne serviettar, gjekk Astri og kom tilbake med serviettar. Sånn er ho, alltid oppmerksam på alle rundt seg.
2. Det sat ei dame som sa til ei anna at «Sabina er frå Aserbajdsjan». Same dame takkar meg på russisk «Spasibo» nesten etter kvart stykke. Ho veit at eg snakkar russisk.
3. Ein gong skulle eg finne notane mine frå ryggsekkens min for å starte musikkstunda, og plutseleg fekk eg eit klapp på skuldra mi og hovudet mitt. Det var ei gammal dame på Askvollheimen som gjekk forbi og ville vise kor glad ho var i meg.
4. På ei samling var det ein mann som ikkje kunne snakke, så etter at eg var ferdig med det siste musikkstykket, begynte han å peike på pianoet. Eg forstod ikkje med ein gong, men så forklarte folk til meg at han ville at eg skulle spele meir. Så sat eg meg og spelte eit stykke til. Men då peikte han to gonger til, og eg spelte to ekstra stykke. Når eg spelte det siste, sa eg at det er det siste stykket for denne samlinga, fordi det var lunsjtid på Askvollheimen, og eg måtte slutte. Men det var den beste «Bravo»-en og klappinga for ekstra musikkstykket eg har hatt i heile mitt liv.
5. Det er fleire som ikkje er busett på Askvollheimen, men kjem likevel for å høre musikkstundene mine.
6. Ei tysk dame på Askvollheimen song eit vers av «Alle fugler små de er» på tysk etter vi song 3 vers på norsk. Eigentleg er det ei tysk folkevise, og det var kjekt å høre originalteksten av songen.
7. Det er mange frå Askvollheimen som var i kor tidlegare, dei er utruleg flinke til å synge. Og no, etter fleire musikkstunder med songar synast eg at dei er tryggare til å synge enn det dei var før. Ein gong stod ei dame og song saman med Ellen-Marie Tveit då ho deltok på musikkstund saman med meg. Og det var så kjekt å sjå og høre henne!
8. Dei på Askvollheimen er veldig glade i musikk. Dei fleste kjenner igjen kjent klassisk, moderne og folkemusikk. Ein mann nemnde ein gong at det var fint å høre «La Paloma» som eg spelte ein



Ellen Marie Tveit er mellom dei som har vore med som frivilig på musikkandakt på Askvollheimen fleire gonger.

- gong tidlegare. Heldigvis hadde eg notane med meg og spelte til han igjen.
9. Det var ein gong en mann som spelte «Glade Jul» på munnspelet. Fyrst song vi det, og så ba vi han spele det til oss på munnspelet. Han svarte at han ikkje kunne gjere det og var veldig usikker, men etter litt spelte han det så fint!
 10. Eg har mange gonger fått skryt for sko, kjoler, hårstil osv. frå folk på Askvollheimen. Det betyr at dei set stor pris på at eg pyntar meg til kvar musikkstund. For meg er det som ein konsert for det beste publikum som finst.

Fra oktober tenker eg å ta med meg notane til julesongar som Askvoll kyrkjekor og Atløykoret skal øve til mot Jul. Då kan folk på Askvollheimen stille opp når koret kjem på besøk hos dei.

Eg gler meg til fleire samlingar på Askvollheimen. Takk for meg! 😊

Tilbodskonkurranse på graving

Tilbodskonkurranse på graving
Askvoll sokneråd ønskjer no tilbod på 3-årig kontrakt på graving av graver på dei åtte gravplassane i kommunen frå 1. september. Sjå tilbodsdocument på våre heimesider.

Tilbodsfrist: **20. august**

 DEN NORSKE KYRKJA

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørande, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no

Kyrkjevalet 2023

Di stemme tel i Kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 10.-11. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Nytt av året er at du kan førehandsstemme digitalt. Det gjer du på kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september. Du kan også førehandsstemme fysisk til 8. september.

Tider og stader for stemmegjeving

1. Tider og stader for førehandsstemming (perioden 10. august-8. september) vert:

- Nasjonal førehandsstemming på Askvoll kyrkjekontor torsdag 31. august kl 15:00 – 20:00
- Førehandsstemming etter gudstenesta i Askvoll kyrkje søndag 13. august kl. 11:00
- Førehandsstemming på kyrkjekontoret kvar tysdag kl. 12:00-14:00
- Førehandsstemming på Askvollheimen mandag 28. august kl.10:30 – 12:30
- Førehandsavstemming på Askvoll rådhus lørdagane 12. august og 2. september kl. 11:00-14:00

2. Tider og stader for ordinært valting vert:

Røystekrins	Røystested	Røystetid 10.sep	Røystetid 11.sep
Bulandet og Værlandet	Bulandet skule		Kl. 13.00-18.00
Atløy	Atløy Kulturhus		Kl. 13.00-18.00
Askvoll	Askvollhallen	Kl. 15.00-19.00	Kl. 09.00-19.00
Holmedal	Holmedal bygdehus		Kl. 09.00-18.00
Stongfjorden	Stongfjorden grendahus		Kl. 13.00-18.00
Gjelsvik	Gjelsvik skule		Kl. 13.00-18.00

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet Askvoll har ein gjeng flotte medlemer sagt ja til å vere kandidatar til soknerådet og leie kyrkjelyden dei fire neste åra. I soknerådet stemmer du på enkeltpersonar. Du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

I val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømmerådet. Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja. Når du stemmer i bispedømerådsvalet er du dermed også med på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet. I dette valet stemmer du på ei liste. Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja. I Bjørgvin stiller Bønnelista, Frimodig kirke, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister.

I begge vala er det høve til å gjøre endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar. Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på kyrkjevalet.no.

Godt val!



Kandidatliste Askvoll sokneråd

NR	Namn	Født	Bustad
1	Jostein Gryte	1953	Kvammen
2	Wenche Ness Gabrielsen	1956	Askvoll
3	Lillian Oddekalv Gjervik	1955	Atløy
4	Synnøve Melvær	1970	Bulandet
5	Terje Mork	1960	Holmedal
6	Gro Eikebø Stang	1975	Stongfjorden
7	Vidar Kaland	1966	Askvoll
8	Astri Thorsen Landøy	1964	Værlandet
9	Frida Melvær	1971	Askvoll
10	Jarle Magnus Vilnes	1956	Atløy
11	Stian Lykkebø	1976	Kvammen
12	Sigmund Rivedal	1944	Holmedal
13	Stine Solheim Rørvik	1989	Askvoll
14	Karen Anny Espedal	1954	Holmedal
15	Arnt Johny Langeland	1949	Askvoll
16	Dag Erlend Grane	1970	Atløy

Nytt av året er at du kan førehandsstemme digitalt frå kor som helst på din eigen telefon eller eiga pc. Det gjer du på kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september.

Du kan scanne denne QR-koden med mobilen din og du kjem då inn på kyrkjevalet.no, der du kan logge inn med bank-ID og førehandsstemme på eitt eller begge vala. Du kan stemme så mange ganger du vil i perioden, og den sist avgjorte stemmen vil telje. Om du stemmer digitalt er det ikkje høve til å stemme på papir seinare.

Vissste du at...

- Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å stemme ved kyrkjevalet 10.-11. september.
- Du må vera døypet for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemer bli stemde inn i kyrkjevalet 2023.



Gje di stemme ved kyrkjevalet!

Er du ein av 3,5 millionar medlemer i Den norske kyrkja?

Når du stemmer i kyrkjevalet, støttar du arbeidet til kyrkja, og du er med på å bestemme kven som skal leie ho framover. Alle medlemmer som fyller 15 år i år eller er eldre, har stemmerett. På dei neste sidene får du ein kort presentasjon av kandidatane som stiller til val i Bjørgvin bispedøme.

Meir informasjon om kandidatane finn du på www.kyrkjevalet.no




Kyrkjevalet
10.- 11. september 2023

Kyrkjevalet
10.- 11. september 2023

I Bjørgvin bispedøme er det fire lister ved bispedømerådsvalet 2023: **Bønnelista, Frimodig kyrkje, Nominasjonskomiteens liste og Open folkekirkje.** Listene er presenterte alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge. Kandidatar med **utheva skrift** får 25 prosent stemmetillegg.

»»» Bønnelista


Bønnelista vil videreføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjenning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiatar som let seg leie av Den Heilage Ande og som søker Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane på www.bonnelista.no



	1	Sigurd Grindheim (1968) Professor, Stord
	2	Solaug Anita Apelthun Sæle (1951) Økonomisjef, Fjell
	3	Finn Indrebø (1948) Pensjonist, Askøy
	4	Trygve Johannes Hellesøy (1938) Pensjonert prest, Hellesøy
	5	Torid Morsund Øygard (1999) Student, Bergen
	6	Magdalena Steinholven (1947) Pensjonist, Naustdal
	7	Anna Helena Bruun (1974) Regnskapfører, Rådal
	8	Mahdi Alipor Esfahani (1979) Butikkmedarbeider, Førde
	9	Anders Myrene (2002) Student, Naustdal

»»» Frimodig kyrkje

Vi ønskjer ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå dagens menneske med evangeliet og utrusta til å følgje Jesus i kverdagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar, redusera sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulera til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønskjer å styrke arbeidet med sondagsskule, trusopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeida for trygge og sunne rammer for born og unge i ei grenselaus tid. Frimodig kyrkje ønskjer å endra valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærmare presentasjon avkandidatane våre finst på www.frimodigkirke.no/bjorgvin



Open folkekirkje »»»

Sidan starten i 2014 har Open folkekirkje gjort det vi kan for at Den norske kyrkja har vorte meir open for eit mangfold av menneske med ulike liv og livsøynsler. Vi har mellom anna sytt for at også likekjønna par skal kenna seg i kyrkja si. Open folkekirkje ynskjer ei kyrkje som alle skal kenna leva heile livet i, der alle skal kenna seg velkomne, sedde og stadfesta. Kyrkja har ikkje A- og B-medlemer – dåpen er einaste medlemsvilkår. Open folkekirkje vil at kyrkja skal utviklast vidare som ei open, inkluderande og demokratisk folkekirkje. Vi vil arbeida for at folk meir og meir skal kenna at dei høyrer til i kyrkja, slik at den kristne trua vert holden levande og er viktig i den einskilde sitt liv. Kyrkja skal vera open for alle, fremja menneskeverdet og motarbeida diskriminering. www.openfolkekirkje.org



Nominasjonskomiteens liste ➤➤➤

Kyrkjelydane si felles liste er sett opp av ein nominasjonskomite med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Kandidatane er forslag frå sokneråd, ungdomsråd og nominasjonskomiteen sjølv. Komiteen har mellom anna vektlagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vera lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeida til det beste for den lokale kyrkja. Les meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på www.nominasjonskomiteen.no



- | | | |
|----|--|--|
| 1 | | Dag Sele
(1964)
Lege,
Stord |
| 2 | | Turid Fjose
(1969)
Lege,
Voss |
| 3 | | Amalie Gjengedal-Eide
(1996)
Lektor, Bergen |
| 4 | | Arne Jostein By
(1948)
Pensjonist,
Stryn |
| 5 | | Kristin Jordheim Bovim
(1955)
Lege Bergen |
| 6 | | Dag-Olav Bjarøy
(1957)
Seniorkonsulent,
Øygarden |
| 7 | | Hege Feet Askvik
(1957)
Pensjonist,
Alver |
| 8 | | Helge Dyrkolbotn
(1964)
Avdelingsleiar,
Austrheim |
| 9 | | Amalie Ulevik Bjerk
(1997)
Student, Bergen |
| 10 | | Ingeborg Watne Flatland
(1979)
Lærar, Førde |
| 11 | | Leif Steinar Alfsvåg
(1959)
Høgskulelektor,
Stord |
| 12 | | Elise Skjærven Aas
(2005)
Student, Bergen |
| 13 | | Rune Garmann
(1952)
Pensjonist,
Masfjorden |
| 14 | | Torild Teige Strand
(1959)
Lærar,
Solund |

- | | | |
|----|--|--|
| 1 | | Karl Johan Kirkebø (1950)
Pensjonist,
Bergen |
| 2 | | Oddny Miljeteig
(1954)
Pensjonist,
Bergen |
| 3 | | Live Bakke Nydal
(2004)
Student,
Florø |
| 4 | | Rune Johan Skjælaen
(1954)
Pensjonist, Bergen |
| 5 | | Anne Vierdal
(1996)
Trusopplærar,
Sveio |
| 6 | | Eiel Holten
(1968)
Seniorrådgjevar,
Bergen |
| 7 | | Malene Mortensen
(2001)
Sekretær,
Sotra |
| 8 | | Håkon Glatved-Prah
(1956)
Journalist, Alver |
| 9 | | Mari Skjerdal Lysne
(1985)
Stipendiat, Sogndal |
| 10 | | Vegard Flatebø Trætteberg
(2002)
Lagførar, Bergen |
| 11 | | Inger Johanne Gullbrå
(1949)
Pensjonist, Voss |
| 12 | | Lars Hana
(1955)
Pensjonist,
Askøy |
| 13 | | Signe Eikenes
(1963)
Prosjektleiar,
Leikanger |
| 14 | | Andreas Gravdal
(1981)
Formidlar,
Bergen |
| 15 | | Ove Sverre Bjørdal
(1971)
Statsautorisert
revisor, Bergen |
| 16 | | Torill Jørgensen Froise
(1972)
Rådgjevar
Askøy |
| 17 | | Christian Emil Haugen
(1990)
Lege,
Bergen |

Nyttig å vite om valet

Kvifor stemma ved kyrkjevalet?

Som medlem bidreg du til fellesskap, glede, livsmeistring og meining for deg sjølv og andre, til dømes gjennom dåp, bryllaup, babysong, barne- og ungdomsaktivitetar, gudstenester, kor og konserter. Du bidreg også til å ta vare på vår felles kulturarv i form av kyrkjebygg og tradisjonar, og du er med på å støtta det sosiale arbeidet til kyrkja for menneske i glede og sorg, einsame eller aktive i fellesskap. Ved å stemma bidreg du til at kyrkja er ei demokratisk folkekirkje.

Kven har stemmerett?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i kyrkja. Det er ikkje andre krav til stemmerett enn alder og medlemskap. Sjå medlemskapen din på www.kyrkja.no/medlem

Kven blir valt i kyrkjevalet?

Du stemmer lokalt på **kandidatar til soknerådet** der du bur. Hovudoppgåva til soknerådet er å utvikla arbeidet til kyrkja i lokalsamfunnet, frå gudstenester og barne- og ungdomsarbeid til kultur og sosialt arbeid og diakoni. Som regel er det berre ei liste ved soknerådsvalet.

Du stemmer regionalt og nasjonalt ved å stemma på medlemer til **bispedømerådet** og **Kyrkjemøtet**.

Bispedømerådet er det regionale styringsleddet i Bjørgvin (Vestland fylke). Rådet jobbar strategisk med å samla og formidla kunnskap om utvikling i kyrkjelydane, driva utviklingsprosjekt og fremje samarbeid mellom kyrkjelydane. Ved bispedømerraadsvalet er det fire lister.

Kyrkjemøtet er det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråda samla ei veke kvart år. Kyrkjemøtet vedtek planar og strategiar for kyrkjemusikk, sosialt arbeid (diakoni), miljøarbeid, kulturarven til kyrkja, ordningar for gudstenester og organisering av kyrkja.

Korleis stemmer du i kyrkjevalet?

Du stemmer på same tid som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet skjer i eit lokale rett i nærlieken av kommunevalet. Det er òg mogleg å førehandsstemma.

Enkelt å førehandsstemma digitalt

Du kan førehandsstemma når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden under eller besøk kyrkjevalet.no. Hugs at det er hemmeleg val! Les meir om kandidatane til begge val på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023





Vi er din lokale fagbutikk i kommunen som leverer alt av blomster i anledning gravferd:

- Kistedekorasjon
- Hjerte
- Kors
- Krans
- Bårebukett m.m.



Vi er også forhandlere av graminne, graving og rens av stein.



Tlf. 57 73 02 95 • Fax. 57 73 18 30
6980 Askvoll

Illustrasjonsfoto



En ferie å glede seg til

Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig.

Gi din gave på **vipps 13130**



Orgel- og pianokurs

Frå hausten skal Sabina Baylarbayova starte orgel- og pianokurs til alle som kan tenke seg å stille opp etter behov som frivillige organister til gudstenester.

Påmelding på E-post kantor@askvoll.kyrkja.no og telefon 930 81 399.
Alle er hjarteleg velkomne.



NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ | Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36
Markegata 42, 6905 Florø
E-post: post@fjordan.no

FØRDE | Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30
Lindbøen 2, 6809 Førde
E-post: post@fjordan.no

www.fjordan.no



Salg, montering og service av varmepumper

Ole Andreas Myrstad

www.comfortservice.no

Tlf. 906 32 818

Panasonic
ideas for life

NOVAPGODKJENT
FORHANDLER



MITSUBISHI
ELECTRIC

Isovator
F-gass
Sertifisering



Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Søndag 13.august kl. 11.00

Gudsteneste

Søndag 27. august kl. 17.00

Presentasjonsgudsteneste

Søndag 17. september kl. 11.00

Gudsteneste

Søndag 8. oktober kl. 11.00

Gudsteneste

Søndag 5. november kl. 18.00

Helgemesse

Søndag 26. november kl. 11.00

Adventsgudsteneste

Søndag 17. desember kl. 11.00

Lysmesse



HOLMEDAL KYRKJE

Søndag 20. august kl. 15.00

Gudsteneste

Søndag 3. september kl. 15.00

Presentasjonsgudsteneste

Søndag 22. oktober kl. 11.00

Gudsteneste

Søndag 19. november kl. 19.00

Salmekveld

Søndag 3. desember kl. 15.00

Lysmesse



BULANDET KAPELL

Søndag 20. august kl. 10.15

Gudsteneste

Søndag 10. september kl. 10.15

Presentasjonsgudsteneste

Søndag 5. november kl. 10.15

Gudsteneste

Søndag 3. desember kl. 10.15

Lysmesse



KVAMMEN KAPELL

Søndag 3. september kl. 11.00

Presentasjonsgudsteneste

Søndag 17. september kl. 13.30

Gudsteneste

Søndag 1. oktober kl. 19.00

Kveldsgudsteneste

Søndag 17. desember kl. 19.00

Lysmesse

Endringar i gudstenestelista kan komme.
Sjå oppdaterte gudstenestelister på
www.askvoll.kyrkja.no



Kyrkjelege handlingar



GRAVLAGDE

ASKVOLL

05.05.2023	Ingrid Vigdis Frøyen	f. 1940
12.05.2023	Jenny Nygård Endestad	f. 1925
08.06.2023	Per Moldestad	f. 1933

HOLMEDAL

25.04.2023	Johnny Vårdal	f. 1961
13.06.2023	Annbjørg Kusslid	f. 1934
07.07.2023	Sveinung Kristiansen	f. 1925
14.07.2023	Halgeir Tveit	f. 1963

KVAMMEN

01.04.2023	Gudrun Leknes	f. 1924
09.06.2023	Johan Aalen	f. 1933
13.07.2023	Eivind Flokenes	f. 1937

VÆRLANDET

16.05.2023	Svein Arnold Landøy	f. 1956
------------	---------------------	---------

VILNES

21.04.2023	Målfrid Tviberg	f. 1932
------------	-----------------	---------

STONGFJORDEN

13.04.2023	Einar Alfred Yndestad	f. 1930
18.04.2023	Margit Torbjørg Skrede	f. 1926

DØYPTE



HOLMEDAL

30.04.2023 Gabriela Aasen Kløvtveit

VIKASTØLEN

11.06.2023 Ane Klausen Yndestad

ASKVOLL

06.04.2023 Ludvik Strømmen



VIGDE

KVAMMEN

04.2023 Ingvild Kjosas Leknes og Ole Andreas Bruket

Gudstenester Værlandet Bedehuskapell hausten 2023

17.9. kl. 10.30

29.10. kl. 10.30

17.12. kl. 16.30

Lysmesse

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget
liv, andre er usikre, ensomme eller redd.
Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

 **KIRKENES**
SOS



Returadresse: Askvoll kyrkjecontor, Boks 14, 6988 Askvoll

Foto: Bo Mathiesen

**Dåp
– ein god start på livet**

Vi får ikke lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikke sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til sekretær@askvoll.kyrkja.no, eller ring mobilnr. 918 74 724

DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn

DEN NORSKE KYRKJA Askvoll



KYRKJEVERJE

Rune Ziener

✉ kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no
☎ 479 63 319



KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Helleset

✉ sekretær@askvoll.kyrkja.no
☎ 918 74 724



SOKNEPREST

Tommy Erdal

✉ soknepresten@askvoll.kyrkja.no
☎ 971 10 124



KANTOR

Sabina Baylarbayova

✉ kantor@askvoll.kyrkja.no
☎ 930 81 399



KONFIRMANT 2023/2024?

Har du hugsa å melde deg på?
Påmelding på:

WWW.ASKVOLL.KYRKJA.NO

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til
692979
Rettliggende kr 200,-

ASKVOLL KYRKJECONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Askvollvegen 431, 6980 Askvoll
Telefon: 918 74 724 · E-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll.

Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte, tlf. 909 38 382

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

